

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

10.06.2020

Sak: 68/20

Tittel: Saksprotokoll - Ny renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS - høyring
Arkivsak: 20/1705

Behandling:

Ordførar Ivar Kvalen gjekk frå som ugild grunna at han er nestleiar i styret i SIMAS IKS.

Formannskapet fremja tillegg til tilrådinga: SIMAS IKS bør vurdere å halde fram med kompensasjon/gebyrlette til dei som heimekomposterar.

Rådmannen si tilråding med tillegg sett fram i møte vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

- Luster kommune støttar i hovudsak framlegget til ny renovasjon- og slamgebyrforskrift for SIMAS IKS.
- SIMAS IKS må i gebyrsatsar for hytte/fritidsbustadar vise kva grunngbyret og/eller variabel del er.
SIMAS IKS bør vurdere om ikkje nivået på grunngbyret(fast del) er for høgt i høve variabel del. SIMAS IKS bør vurdere om ikkje formuleringar for fritak bør opna for ordning med meir langvarig og større fritak enn det vert lagt opp til.
- SIMAS IKS må ta stilling til om tilleggsgebyr på ein hentestad som ikkje ligg direkte ved køyreveg og skal gjelde nedgravne løysningar.
- SIMAS IKS bør vurdere å halde fram med kompensasjon/gebyrlette til dei som heimekomposterar.